



Tommy R. Handeland

BRUK DIN LOKALE RØRLEGGER
53 64 16 55
ÅPNINGSTIDER:
Man-fre 09.00-16.00. Tors 09.00-17.00. Lør 10.00-14.00.

COMFORTBUTIKKEN
Odda VVS Senter
RØRLEGGERFORRETNINGEN EITRHEIMSVN. 19 - TLF. 53 64 16 55

Eldsjelene inviterer til krafttak for kreftsaka

Neste laurdag inviterer ein del eldsjeler til basar i Øvre Eidfjord. Dei ville gjerne gjera noko som mona for kreftsaka. Og responsen så langt har vore overveldande.

Johs H. Sekse

johannes@hardanger-folkeblad.no

Neste laurdag, den 24. januar, kan du vinna frukost med overnatting, hotellmiddag for to, helikoptertur for fem, tandemhopp i paraglider eller rett og slett få ein kokk heim til deg.

Alt dette og mykje meir vert lodda ut. Men det aller viktigaste er at du ved å møta opp i Hardangerhallen denne dagen, er med på eit krafttak for kreftsaka.

Eldsjelene Agurtxane Concellon, Irene Bjotveit Sæbbø, Liv-Bente Rokne, Siv Hereid, Hilde Medhus, Heidi Kvamsdal-Næsheim og Bergljot Maria Veivåg står bak aksjonen dei har kalla «Saman mot kreft».

Ein av tre

– Kvi for sette de i gang dette?

– Statistikken syner at ein av tre får kreft, og fleire av har fått sjukdomen tett innpå seg den siste tida. Me følte oss hjelpeause men hadde lyst til å gjera noko, seier Bergljot Maria Veivåg.

– Me snakka om å laga til både fakkeltog og kalender, men fann ut at me ville ta skikkeleg i, og få eit resultat som verkjeleg monna, seier ho. Og responsen har vore stor. Gevinstar kjem inn kvar einaste dag, både til loddbøkene som alt er utlagde, og til sjølve årsalet på basaren den 24. januar. Det er nesten ikkje grenser for oppslutnad.

Viktig sak

– Næringslivet og private i regionen svært gåvilde. Kreft er eit tema som engasjerer og berører store deler av befolkningen. For oss var det i tillegg til at det er kjekt i seg sjølv å engasjera seg i ei så viktig sak, også var sterkt ynskjeleg å få til eit sosialt arrangement i den mørkaste årtida, held Bergljot Maria fram.

Og det er nettopp de dei no inviterer til. For i tillegg til sjølve årsalet, vert det underhaldning og høve til å ta seg ein matbit. Mellom dei som skal underhalda er barnekoret Vet-laskredo og Rannveig Djønne som kjem til å spela toradar. Ho har alt gitt tre signerte toradarcd'ar som gevinstar.



ELDSJELENE. Denne gjengen vil ta eit krafttak mot kreftsaka. Bak frå venstre Agurtxane Concellon, Irene Bjotveit Sæbbø, Liv-Bente Rokne, Siv Hereid, Hilde Medhus, Bergljot Maria Veivåg og Heidi Kvamsdal-Næsheim framme.

Privat foto

Mange vil hjelpa

I tillegg kjem ho til å selja plata si og let halvparten av inntekta gå direkte til Kreftforeningen.

Responsen så langt tyder på engasjementet i Eidfjord kjem til å samla langt fleire enn dei som bur i kommunen.

– Til og med folk frå Bergen, personar som me ikkje eingong kjenner, har ringt og vil vera med og hjelpa antan det er til rydding, oppvask eller loddsal, seier Bergljot Maria Veivåg, som også alt no har ei lang liste over kakebakarar.

Fleire firma har spona både mat- og andre varer og tenester. Det vil også gå gratis buss mellom kommunesenteret og Øvre Eidfjord.

Alt til kreftsaka

Om det skulle vera fleire som ynskjer å bidra antan med hjelp eller gevinstar, er det berre å ta kontakt med Irene Bjotveit ved Natursenteret eller Heidi Kvamsdal på turistkontoret.

Avgjerande no er rett og slett at folk møter fram. All inntekt går til kreftsaka. Ingen tener pengar. Komitéen har ikkje tort å talfesta kva dette kan enda

opp i, men med det engasjementet dei har opplevd på førehand, føler dei at det kjem til å gå veldig bra, som Veivåg seier det.

Arrangementet kjem til å

vara ein del timar utover dagen, i alle fall så lenge det er folk og gevinstar. For å aktivisera dei yngste, har dei egne tilbod - som ansiktsmåling. Elles

så kan ein rett og slett koma hit for å eta laurdags-risgrauten sin, smiler Bergljot Maria Veivåg.

Gamle fjellveggar på nytt

Johan Veka:
Gamle fjellveggar i Ryfylke
Telemarkmagasinet

«Det er få som ferdast på dei gamle fjellvegane nå. Dei er å ta å verta gløymde.Over fjell og vidder har folk klyvt eller slept på huder og skinn, smør, ost og talg.... Mange fant seg jenter og tok dei med seg, eller slo seg til. Drikk og svir, slagsmål og til og med mord, var ikkje uvanleg. Og pilegrimane i Røldal er ei søge for seg».

Boka om de gamle fjellvegane i Rogaland er trykt i nytt opplag. En av dem er Haukelivegen - fra Vinje til Røldal med foregreninger, en annen er vegen fra Ekkjevika i Røldal til Hellandsbygda i Sauda. Disse to starter og avslutter det lille skriftet.

Om Haukelivegen skriver Veka om endemann, jarlesønn og prins som ferdes der. Og han levendegjør handelsvegen for telemarkinger og numedøler - veien til Røldalsmarknaden som det finnes skriftlige kilder om fra 1651.

Vegen fra Røldal til Sauda var flittig i bruk som «frierveg». Forfatteren navngir flere av mennene som var på frierferd, blant annet Knut Handeland som mistet klærne på veg til sin utkårede i Røldal.

Her er både veghistorie og bygdehistorie, sagn og tidsbilder.

Boka er delt inn i sju lettles-te kaptler, som hver tar for seg en vegstrekning. Om mange av dem ikke lenger er vedlikeholdt og i daglig bruk,



er det spor og rester etter dem.

Å lete opp og følge i forfedrenes fotspor kan være god kilde til kunnskap. Om ikke lenge smelter snøen og trase-ene kan letes opp igjen.

eMBe